

Årsmelding GOL BARNEHAGE (Kultur og levekår)

Gjeld for avdelingane

- Vesterhuset barnehage inklusiv tidlegare Fagerlund barnehage
- Breidokk barnehage og Hallingmo barnehage, felles leiging, men blir rapport på kvar for seg
- Rotneim barnehage
- Åsgardane barnehage
- Øygdane barnehage

Kommuneplanen sin tekstdel – om Gol barnehage:

Barnehageplassar

- Alle barn har rett på barnehageplass, jf Lov om barnehagar.

Utvikling

- Utviklinga i samfunnet krev at barnehagen arbeider målretta med utvikling av sosialt samspel og språkutvikling.
- Gol kommune skal vera blant dei fremste i landet når det gjeld læringsmiljø og kunnskapsutvikling.

Læringsmiljø

- God grunnutdanning og livslang læring skal sikre velferd og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.
- Eit godt barnehage- og skuletilbod skal sikre kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv/arbeidsliv.
- Det skal leggjast til rette for eit inkluderande læringsmiljø med rom for mangfald slik at alle kan oppleve meistring, utvikling og vekst i eit stimulerande miljø.
- God fagkompetanse i barnehage og skule skal sikrast ved aktive rekrutteringstiltak.

Kompetanseheving og fagmiljø

- Kommunen vil vera med å leggja til rette for at vidareutdanning og kompetanseheving skal vera tilgjengeleg for alle.
- Gol kommune skal leggja til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette.

Gol barnehage jf. Handlingsplan og Felles årsplan

- Kvar barnehage skal vere tilrettelagt for læring og utfolding - både i ute- og inne-miljøet.
- Det skal vere kvalifisert personale.
- Det skal vera god tilgang på pedagogisk materiell.
- Barnehagen skal fremje nære og gode relasjonar mellom barn-barn og vaksen-barn.
- Gol barnehage skal leggja vekt på tidleg innsats.


Ansvarsområda som er med – storleik på avd. og fråvær 2014 (%)

Ansvar:	Ansvarsomgrep:	Evt. endringar:	Stillingsh. (2014)	Fråvær 2014
3130	Gol barnehage administrasjon	20% i bhg haust -14	2,1	4,2 %
3132	Vesterhuset barnehage	100% vakant	14,61	6,0 %
3133	Breidokk barnehage	100% vakant	12,03	5,5 %
3134	Rotneim barnehage		7,24	1,7 %

3135	Åsgardane barnehage		4,54	7,6 %
3136	Øygardane barnehage	30% vakant haust -14	6,56	0,8 %
3137	Hallingmo barnehage		4,67	17,9 %
3138	Fagerlund barnehage	5/12, lagt ned 01.06.14	1,87	1,9 %
			53,62	5,6 %


- 215 % vakanse på bakgrunn av redusert barnetal, snitt gjennom året.
- Auka spes.ped./støttebehov, noko har refusjon frå anna kommune.
- 40 % lønnstilskot frå NAV vår 2014 delvis lagt som tillegg.

Samanstilling langtidsfråvær 2011-2014



Gjennomsnitt langtidsfråvær redusert frå 7,7 % i 2013 til 5,6 % i 2014.

Samanstilling korttidsfråvær 2011-2014



Gjennomsnittleg korttidsfråvær er stabilt lågt, 2,4 % i 2014 mot 2,2% i 2013. Ved små avdelingar slår fråvær forholdsmessig høgt ut.

Tiltak for å få ned fråvær: arbeide førebyggjande saman med HAVA BHT og IA rådgjevar våren 2015.

Fordeling – rekneskapsartar (alle tal i heile 1.000 kr):

	R 2013	Just B 2014	R 2014
Sum driftsutgifter	31 454	31 234	32 247
Sum driftsinntekter	-7 730	-5 345	-7 357
Netto finansutg.	-23	-214	172
NETTOUTG.	23 701	25 675	25 062

Fordeling – nettoutgift pr. ansvar (alle tal i heile 1.000 kr):

Ansvar:	R 2013	Just B 2014	R 2014
<i>For deltaljar – sjå rekneskapen – avdelingsvis oversyn pr. artsgruppe</i>			
Barnehageadm.	2.694	3.545	3.293
Vesterhuset bh.	4.461	5.279	5.578
Breidokk bh.	4.535	4.445	5.078
<i>For deltaljar – sjå rekneskapen – avdelingsvis oversyn pr. artsgruppe</i>			
Rotneim bh.	3.272	3.488	3.184
Åsgardane bh.	1.974	2.334	2.010
Øygardane bh.	2.794	3.009	2.660
Hallingmo bh.	2.146	2.285	2.089
Fagerlund bh.	2.326	1.290	1.169
NETTOUTG.	24.377	25.675	25.061

Utvikling løn korrigerert for refusjonar sjukefråver (alle tal i heile 1.000 kr):

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Netto-løn:	20.134	21.808	24.313	26.100	27.032	27.324	28.005

Avvik – fråvær og rekneskap:

Fråvær:

- Fire barnhagar har hatt langtidsfråver grunna sjukdom som ikkje er arbeidsrelatert. Dette gjer store utslag. Vi har ikkje klart å nå målet om fråvær på 5 %. Men det er likevel redusert med 1,6 % for 2014. Langtidsfråver gjer store utslag på statistikken i små einingar.
- Korttidsfråvær har auka frå 2013 til 2014.
- Mål: fråvær 5 % for 2015

HMS

- Det er registrert inn 4 avviksmeldingar: 2 på fysisk miljø og 2 skadar der barn er involvert.
- Nokon fleire avvik er rapport, men pga av datakollaps er rapportane blitt sletta frå avvikssystemet.
- Den eine på fysisk miljø var stor vannskade i Vesterhuset barnehage i romjula. Tilsette blei tilkalla og fekk begrensa skadeomfanget.

Rekneskap:

- Vesterhuset har overforbruk grunna innkjøp i samband med utbygging.
- Breidokk har overforbruk fordi vikarstillingen er lønna her sjølv om personen er nytta til fråvær i andre barnhagar.

- Øygdane og Åsgardane har hatt noko redusert barnetal og derfor reduserte lønnsutgifter.
- Rotneim har underforbruk fordi 50 % spesialpedagog lå i budsjettet her og blei kun nytta i vårhalvåret.
- Auke i inntekter skuldast m.a. lønnsrefusjon frå anna kommune og lønstilskot frå NAV.
- Overskotet totalt i 2014 skyldast vakante stillingar pga redusert barnetal og auke i inntekter.

Mål og måloppnåing 2014:

Mål:	Mål i ord:	Nådd?	Årsak til avvik:
Alle barn har rett på barnehageplass	<ul style="list-style-type: none"> - Alle fått tilbud om plass ved hovudopptak - 95 % av dei som har søkt om plass etterpå har også fått tilbud 		
Arbeider målretta med utvikling av sosialt samspel og språkutvikling	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektresultat av felles løft steg 1 i barnehagane visar tidlegare innsats - Vidareføring av FL i KUPP m. vekt på det psykososiale miljøet 		<ul style="list-style-type: none"> - Starta dette arbeidet hausten 2014, også med stort engasjement frå foreldre. Blir vidareført i 2015
Det skal vere kvalifisert personale	<ul style="list-style-type: none"> - Det skal vere utdanna barnehagelærar i alle pedagogstillingar - Motivere til at assistentar tek fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfag 		<ul style="list-style-type: none"> - God rekruttering frå august 2014. Ingen dispensasjon frå utdanningskrav ved barnehagestart hausten 2014. Blei noko endra pga. permisjon desember -14. I ein bhg har SU vurdert ped.normen som tilfredsstillande , årsak mange deltids plassar - Ein bestod teoridelen og er meldt opp til fagprøve
Rekruttere fleire menn til barnehagane	<ul style="list-style-type: none"> - Tilsett ein ny pedagog i vikariat, og ein fagarbeidar permisjon 		<ul style="list-style-type: none"> - Vanskeleg å rekruttere kvalifiserte til stillingane generelt i Hallingdal
Eit godt barnehage- og skuletilbod	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektet Felles løft steg 2 overgang barnehage-skule: avslutta med ny plan for overgangen 		<ul style="list-style-type: none"> - Ført til eit nærare samarbeid mellom barnehage og barneskulen. Innhaldet i planen blir teke i bruk etter politisk vedtak i 2015
Fysisk miljø - inne	<ul style="list-style-type: none"> - Ferdig med utbygging av ny avdeling og personalavdeling i Vesterhuset, og oppussing av heile den gamle delen 		<ul style="list-style-type: none"> - Vesterhuset har blitt ein veldig fin barnehage med fire avdelingar
Fysisk miljø - ute	<ul style="list-style-type: none"> - I gang med utbetring av uteområdet i Vesterhuset - Breidokk starta med 		<ul style="list-style-type: none"> - Alle barnehagane har kontinuerleg behov for oppjustering av uteområdet etter den årlege

	utbetring av høgare gjerde rundt barnehagen		leikeplasskontrollen
Trafikktryggleik	- Parkering etter utbygging har vert farleg i Vesterhuset		- Arbeidar for å få til ei løysing Tiltak gjennomført i 2015
Kartleggingstilsyn etter Barnehagelova	- Alle 6 barnehagane har svart på skjema med kartleggingstilsyn.		- Ingen avvik eller merknadar. Resultatet er m.a. til bruk i arbeid med årsmelding
Medarbeidarundersøking 2014	- Snitt tilfredsheit for alle tilsette i Gol barnehage: 5,2 poeng		
Brukarundersøking	- Snitt tilfredsheit i 2013 5,2		- Gjennomførast annakvart år

Mål og tiltak 2015:

Tilsette

- Mål: Ha nok pedagogar til alle stillingar både i barnegruppene og leiarstillingar
Tiltak: marknadsføre at vi har eit godt arbeidsmiljø og fagleg miljø.
- Mål: Rekruttere menn til barnehageyrkene.
Tiltak: Gjennomføre prosjektet Leikeressurs for ungdomsskulegutar.
- Mål: Arbeide for å redusere både langtids- og korttidsfråvær ved å arbeide førebyggjande.
Tiltak: Gjennomføre personalmøter for alle tilsette med opplæring frå HAVA og IA rådgjevar.

Organisasjon

- Mål: Permanent felles leiing for Breidokk og Hallingmo barnehagar.
Tiltak: Gjennomføre evaluering og ein god prosess der alle tilsette blir høyrte før avgjerse blir teken.
- Mål: Arbeide for ein god løysing for barnehagestrukturen i Gol kommune for barn, foreldre og tilsette med tilfredsstillande bygg.
Tiltak: Skape eit godt fagleg miljø for barn og vaksne og effektivisere delar av barnehagedrifta.

Kompetanse

- Mål: Vidareføre prosjektet Felles løft for tidleg innsats steg 1 og steg 2 og det nye utviklingsarbeidet KUPP (kompetanseutvikling av pedagogiske prosessar) med tema psykososialt miljø og psykisk helse.
Tiltak: Leiing og alle tilsette ha fokus på utvikling til beste for barna i samarbeid med foreldra.
Implementere nyttilsette i dette arbeidet ved å gje tid til opplæring og veiledning.
- Mål: Personalet få høve til å ta relevant grunnutdanning og vidareutdanning.
Tiltak: Gje økonomisk støtte.

Teneste/aktivitet

- Mål: Gol kommune skal ha nok barnehageplassar til dei som har behov gjennom året.
Tiltak: Regulere tal på plassar gjennom vanleg drift. Tal på tilsette regulerast gjennom permisjonar og naturleg avgang.

Utfordringar 2015:

- Rekruttering av pedagogar til leiarstillingar, og rekruttering av menn spesielt.

- Tilpasse barnehagebygg og uteområdene til barna og dei vaksne sine behov.
- Utarbeide ein god plan for framtidig barnehagestruktur i Gol



Barnet forstår menneskehjertet

Edgar Allan Poe